

GODTDALSNIPA

(1249m)



Frå Godtdalsnipa har du fin utsikt over fjellheimen i Jølster og du kan oppleve ein av dei finaste nedkøyringane i området.

Tid: Vel 3 - 3½ times gange.

Tilkomst

Bil frå Vassenden til Ålhus (ca 10 km). Ved Eikaasgalleriet og kyrkja tek du av mot venstre og køyrer denne vegen heilt opp til Øvrebø der vegen svingar ned att (ca 2 km). Her går det ein traktorveg, som du kan køyre med bil når det er bart, vidare innover.

Vegen kryssar elva og endar i ein velteplass for tømmer før motbakkane tek til. Like før velteplassen er det laga til parkeringsplass for bilar på venstre sida. Om vinteren må ein rekne med å måtte gå dette stykket på ski (ca 20 – 25 min).

Deretter går du langs ein skogsveg mot høgge (nord austover). Du kjem opp til eit gjel og ein større foss. Ein held fram på skogsvegen, kryssar ein foss og deretter svingar vegen mot nordvest. På slutten svingar vegen austover og du kjem opp i dalføret og ser mot Godtdalsstølen.

Når ein kjem opp på høgdena går ein austover langs høgge sida av dalføret mot Godtdalsnipa. Ein skal ikkje gå bort til stølane, men ein skal heller ikkje gå for langt til høgge, då det kan komme ras frå ei bratt fjellside oppe i lia. I dalføret kjem det ned ei elv som renn ned til Godtdalsstølen.

Du går fram mot elva i passende høgde. Herifrå kan ein velje to vegar, anten kan ein gå opp på høgre sida av elva, eller ein kan krysse elva og gå opp på venstre sida. Snø- og rasfaren må vere avgjerande for kva veg ein skal velje. Det er relativt bratt til ein kjem opp på eit lite platå. Går ein opp på høgre sida, skal ein no krysse over til venstre sida



(nordsida) av elva. Frå her går ein nærmast rett austover til ein kjem opp på kanten av fjellkjeden. Herifrå går ein no til venstre (nordover) i retning rett mot toppen. Det er ein lengre bratt bakke, men her er det sjeldan rasfare.



Nedkøyring

Rasfaren må avgjere kva veg ein skal ta tilbake. Du kan køyre ned same veg som du gjekk opp, eller du kan køyre meir rett ned frå toppen mot syd/vest. Her er det relativt bratt, men om våren kan det vere trygt å legge nedkøyringa her. Lenger nede er det mest vanleg å køyre på nordsida av elva som går ned til Godtdalsstølen og skrå lia ned att der ein gjekk opp.

Frå toppen er det også mogleg å køyre ned på nordsida, men her skal ein vere kjent. Kjem ein for langt mot vest er det stor rasfare og mot aust er det eit stup mot Årdalen. Det "trygge" partiet er relativt smalt og bratt. Ved mykje laussnø er her rasfare. Når det er skare, må ein sikre seg.